

Sogndal, 18.11.2019

Til :
Setterrådmann
Kommunestyret i Sogndal kommune.

Oppleving av varsel dat 18.1.2018.

Innleiing

Varslingsak i Sogndal kommune er nå kome dit at sakene skal handsamast. I forhold til mi sak så er eg no skrive ut av varsel mot meg. Har i denne samanheng behov for å gi til kjenne mi oppleving av prosessen og korleis eg har opplevd denne.

Dei siste åra har denne saka prega min kvardag og livskvalitet svært negativt. For å kunne få lagt denne saka frå meg og sjå framover, må eg setje ord på mine opplevingar. Ser det først og fremst som ei orientering til min arbeidsgivar i denne saka og også til kommunepolitikarane som er å rekne som min øvste arbeidsgivar.

Proessen frå mottak av varsel:

1. 25.10.2018 fekk eg frå setterrådmann melding om innkome varsel dat. 18.1.2018.
 - a. Ukjent innhald og varslar.
 - b. Det vart i brev frå oppnemnd varslingssekretariat opplyst - at innhald i varsel først ville bli opplyst i framlagd varsel som eg skulle få lese på Sogndal hotell i slutten av november.
 - c. Eg spurte om det var vurdert om dette var eit varsel i hht AML. Etter slik eg forstod var dette ikkje gjort, men skulle blir vurdert i samband med gjennomgang av saka frå advokatfirma Brækhus.
 - d. Setterrådmann viste til at advokatfirma nytta Advokatforeningen sine rutinar, eg lurte då på om ikkje det var Sogndal kommune sine rutinar som skulle vere gjeldande, då det var der eg var tilsett.
 - e. Varslet var kome til Sogndal kommune v/kontrollutvalet 18. januar 2018. *14 dagar etter at kommunestyret hadde opna opp for å ta imot fleire varsel i saka kring arbeidsmiljøet i Sogn barnevern.* Det vil sei at varslet låg hjå kontrollutvalet i Sogndal kommune i heile 10 månader, før eg fekk kjennskap til at det var eit varsel mot meg, som då og viste seg å vere frå eit internt notat som var levert rådmann 3. desember 2015, og som no var omgjort frå internt notat til eit varsel etter at kommunestyret gjorde ovannemnde vedtak.

Eg tok direkte kontakt med setterrådmann for å få klart kva dette gjaldt. Han kunne då opplyse at fastsett prosess var slik det var opplyst om i skrivet frå advokatfirma Brækhus.

Altså om 1 måned. I 1 måned skulle dette «male» i hovudet på meg. Kven varslar på meg og kva gjaldt det? Dette gav eg uttrykk for til setterrådmann var ein uhaldbar situasjon, han fekk då framskunda dette til 2 veker.

I hht Arbeidstilsynet og personvernlovgiving:

«Den eller de det varsles om, har etter personvernlovgivingen rett til å få innsyn i påstandene om seg, både om det kritikkverdige forholdet og andre personopplysninger som er samlet. Innsyn skal gis så snart som mulig etter at varsling har funnet sted og seinest innen 1 måned.»

Om eg forstår denne lovgivinga rett er ovannemnde eit brot på personvernlova.

16.11.2018 tilgang til å lese varsel på Sogndal hotell –

I varslat legg varslar fram påstandar om at rådmann, kommunalsjef (og til dels eg) har utsett varslar for gjengjelding etter at varslar varsla i linja om kritikkverdige forhold ved Sogn barnevern i 2015. Eg stilte og spørsmål om kva «til dels» skulle bety. Varslar hevda vidare at eg og kommunalsjef i møtet 11.1.2016 hadde skjelt ut varslar i timesvis utan at varslar fekk ta til motmæle.

Fakta i saka

3.12.2015 – Internt notat frå varslar levert rådmann. Her kjem varslar med ei rekke usanne påstandar om meg og min habilitet i samband med varslings sak mot henne våren 2015.

Eg ba straks om at dette måtte eg få konfrontere avsendar med.

Møte 11.1.2016 – der eg konfronterte varslar med innhaldet i skrivet og kva ho meina med det. Ho innrømma på alle punkta at dette berre var hennar eigne tankar og ba om unnskyldning 2 gonger.

I etterkant av møtet tok eg dette opp med HVO for å få hans råd vidare. Han oppmoda meg då til å ikkje gjere noko med saka. Eg parkerte difor denne og var glad for at eg hadde konfrontert henne med desse usanne påstandane, som ho då innrømma var berre hennar tankar.

At kommunalsjefen og eg i dette møtet skal ha skjelt ut varslar i timesvis, der varslar ikkje fekk ta til motmæle er endå eit nytt døme på at varslar sine tankar ikkje har rot i verkelegheita. Møtet 11.1.2016, vart gjennomført på ordentleg vis og det var ingen utskjelling av varslar eller andre som var på møtet. Jfr vedlagt møteref somog var vedlagt i kontradiksjonen.

Eg undrar meg difor på korleis dette kan skapa truerverde hjå varslingssekretariatet og andre. I brev frå setterrådmann, datert 5.11.2019, jfr. vedlegg 1, går det fram at sekretariatet ikkje har funne det sannsynleggjort at eg har utført mine

arbeidsoppgåver eller opptrekk på ein slik måte at eg på noko vis har utsett varslar for trakassering, utilbørleg åtferd, diskriminering, gjengjelding eller medverka til dette.

I brev til advokatfirma Brækhus frå meg, i desember 2018, vedk intervju i høve varslings-saka, melder eg at eg finn det vanskeleg å få oversyn over kva det er som skal utgjere varsel mot meg utifrå det varsel eg var gjeve innsyn i, då eg og der vart omtala som «til dels». Varslet bar preg av varslar sine eigne tankar, og noko som eg ikkje kunne kjenne meg att i, og som på nytt viser seg å vere usanne. Eg ba difor varslingssekretariatet særskilt opplyse kva som er grunnlag for å omtale dette som eit varsel mot meg.

Eg kan fortsatt, og i det å lese rapporten, ikkje finne grunnlag for kva som utgjer varsel mot meg. At eg då har måtte stå i denne prosessen i ei årrekke, og den belastning det har vore, då spesielt med tanke på min arbeids-, helse- og livssituasjon, er noko eg kjenner svært mykje på.

Eg har brukt mykje tid, ressursar og tankar på å finne ut av kva eg kan klandrast for. Det å kunne dokumentere kvar eg har opphalde meg, med kven, desse datoane som frå varslar er oppdikting av hendingar eg skulle ha delteke på i 2015 og som gjorde meg inhabil i varslings-saka mot henne. Hente inn stadfestingar frå dei eg var med, bl.a. datoar eg var på utanlandsreise med mannen min. Eg har engasjert både venner og familie for å stadfeste på dette som no er snart 5 år tilbake tid. Eg finn det urimeleg at det skal vere så enkelt å utsetje nokon for slike påstandar og at det ikkje skal få følgje for dei som gjer det.

Personalkonsulent deltok på dette møtet, 11.1.2016, som referent. Hendar stadfesting ligg vedlagt. Dette går og fram av min kontradiksjon.

Referatet vart sendt møtedeltakarane rett etter møtet. Eg kjenner ikkje til at det er kome merknader til referatet, før varsel mot meg dukka opp – 3 år etter at dette var eit intert notat. HVO og tillitsvald frå FO i rapport frå varslingssekretariat tek no avstand frå innhald og deira eigen uttale som er gjengitt i referatet.

Det vart i samtale hjå advokatfirma Brækhus stilt spørsmål frå advokaten om eg hadde vurdert motvarsel. Eg svara at eg etter møtet 11.1.2016 var i samtale med HVO og ba om hans råd om å gå vidare med dei usanne påstandane om meg, han råda meg til å gløyme saka. Eg la så på denne tida saka bak meg og det var då opp til rådmann å avgjere om dette skulle få konsekvensar for noverande varslar. Då varsel om gjengjelding og påstandar om å ha blitt skjelt ut i timevis, er motvarsel noko som har vore vurdert.

HVO var i 2015 med i varslingssekretariatet som handsama ei sak på noverande varslar. HVO var i denne perioden og seinare aktiv i arbeidet med arbeidsmiljøproblematikken i Sogn barnevern og i nært samord med noverande

varslar. At HVO har gått så aktivt inn i ei personalsak, er og noko eg stiller meg undrande til. HVO har etter mitt syn, i denne saka teke eit tydeleg parti som har gjort det vanskeleg for andre å kunne rådføre seg med han som HVO.

Etter gjennomført varslings sak i 2015, der HVO var ein av medlemmane, vart det sendt rapport om arbeidet til rådmann, denne var vi alle i sekretariatet samde om, inntil 1 månad etter innsendt rapport, då HVO melder frå at han ikkje lenger kan stå inne for det som står i rapporten og trekker då sitt samtykke til denne utan å grunngi dette noko meir.

Dette er nok eit døme som gjer til at eg stiller meg undrande til HVO sin habilitet og truverde i denne varslings saka, og som viser at utfordringane som har vore knytt til resultatet i denne rapporten frå advokatfirma Brækhus òg omhandlar utfordringar lengre tilbake i tid, enn det denne rapporten vurderer.

Eg har kjent og tenkt mykje på kvifor varslar over lang tid har utsett meg for løgn og usanne påstandar, og som eg konfrontere henne med i møtet 11.01.2016, der ho innrømma at påstandane hennar ikkje var sanne, berre hennar tankar. Konsekvensar for dette og anna ufin opptreden vart vidare handsama av rådmann. Dette var ein av tre grunnar for advarselen ho fekk.

Eg har ingen mynde til å delta i rådmann sine vurderingar og avgjersler, og såg difor saka som avslutta frå mi side.

Utover dette varslet dukka det opp ytterlegare 2 varsel i mars 2019 om gjengjelding, frå same varslar.

1. Ikkje innvilga søknad om permisjon.
Det er tenesteleiar som tek avgjerd i slike søknader etter gjeldande permisjonsreglement, noko som eg ikkje har noko med. Mi rolle i dette vart og stadfesta av varslar sin tenesteleiar. Ligg som vedlegg.
2. Unndraging av dokument i samband med Arbeidslivsspesialistane sin gjennomgang av Sogn Barnevern.
Noko som òg vart tilbakevist i rapporten.

Mine refleksjonar

Det eg sit att med er korleis kan ein bli drege inn i ei varslings sak som her er basert på usannheiter og løgn, og at ein i nærare 4 år har måtte forsvare seg mot desse.

Eg har sett fram til å kunne ta del i personalarbeidet for vår framtidige kommune, men etter dette særskilte krevjande året, både i arbeid og fritid, der denne saka har hatt hovudfokus, er ein tappa for energi og må vurdere om det er verd å stå i dette, og resikere å kome opp i ein tilsvarande situasjon. Det einaste eg sjølv meiner eg har gjort i denne saka er at eg har stilt spørsmål ved og ynskjer ein forklaring på dei løgner, skuldingar og usannheiter eg har blitt utsett for.

Varslar har fått stor merksemd både i media og blant politikarar i eigen kommune, mine arbeidsgjevarar. Eg har saman med andre påvarsla halde meg til dei retningslinjene som gjeld for varsel og ikkje gitt noko uttale i den lange tida saka har vore under handsaming.

Rapporten viser heile tida kva varslar har gjort rett og ikkje kva varslar utset meg og andre for å denne prosessen.

Dette har vore medverkande til å få ein utrygg arbeidsplass, ikkje berre for påvarsla, men heile organisasjonen, der ein opplever at heile Sogndal kommune er blitt ein del av arbeidsmiljøproblematikken som tidlegare var i Sogn barnevern.

Eg ser det slik at det er et faktum at alle varslarane har alliert seg - med same mål - å urettmessig ramma meg og kommuneleiinga. Dette har ein kunne gjort fordi dei har hatt støtte frå andre med same mål; hovudverneombod og tillitsvalde FO. Dette er dokumentert i Sogn avis.

Det at HVO og FO har hatt same urettmessige agenda er uvanlig - og vanskeleg å tru - og dette er i sterk grad med på å påvirke resultatet av denne undersøkinga.

Er det slik at ein som tilsett i kommune kan bli varsla på av andre tilsette utan at det vert ein gjennomgang og krav til løysing internt, noko eg vil sei eg prøvde i omtala møte.

Kva skal ein som tilsett tåle av slike belastningar som dette har vore, der ein som omvarsla er fullstendig rettslaus etter å ha vore lojal både mot arbeidsgivar og retningslinjer for varsling.

Kor er rettferda og korleis vil organisasjonen sikre sakshandsaming og ivaretaking i denne type saker i framtida? Kva konsekvensar skal det ha for varslar å setje fram usanne påstandar og løgner om tilsette?

Påvarsla

1. Skriv dat 5.11.2019 frå setterådmann.
2. Referat frå møte 11.1.2016 sak 3.
3. Stadfesting frå personalkonsulent
4. Stadfesting frå tenesteleiar ved NAV.